

# Masteroppgåve i kjemi

## Kvalitativ analyse av biooljer og gass fra LTL-prosessen ved bruk av GC-MS og GC-FID

Av:

Håvard Haustveit

februar 2016



Kjemisk institutt  
Universitetet i Bergen

## **Sammendrag**

Biomasse kan brukast til direkte energi ved forbrenning, men ved å bruka termiske omdanningsmetoder går det å produsere organiske komponenter som kan brukest som ein erstatning for kjemikalie frå petroleums industrien. Dette er ein stor fordel fordi mykje slik biomasse er avfallstoff frå industri, spesielt lignin frå papirindustri. Det går også ann å produsera kjemikalie til annen kjemisk industri.

I denne oppgåva blei det sett på kva kjemikalier som blir danna i eksperiment kjørt på stor reaktor når ein bruker LTL metoden (Kleinert og Barth, 2008). Eksperimenta blei kjørt ved 250 °C og 300 °C, og med og utan maursyre. Ved oppvarminga blir det også trykk i reaktoren som også vil bidra til reaksjonen.

Det blir brukt GC-FID for å finna innholdet i gassen produsert frå reaktoren. GC-MS blei brukt for å identifisera komponentane i olja og prosessvatnet frå reaktoren. Formålet er å finna ut kva nyttige kjemikalie som blir danna og om det er hydrokarbon som kan brukast som drivstoff.

Resultatet viser at gassen er mest CO<sub>2</sub>, men det er også ein anna ukjent gass som oppstår i større mengder når det er maursyre i prosessen. Det er liten korrelasjon mellom kva kjemikalie som oppstår og kva prosessforholda er. Einaste kjemikalie funnen i alle prøvane er n-butyl acetat. Det er nokon kjemikalie berre funnen ved enkelte betingelsar. 2-hydroksypropan syre (3) blei berre funnen ved 250 °C og med maursyre, mens foreksempel kreosol blei funnen mest ved høg temperatur og utan maursyre.

Dei mest polare forbindelsane blir funne i prosessvatnet og dei upolare blir mest funnen i olja og i kokset.

# Innholdsliste

Innleiing.....	4
Bakgrunn.....	4
Biomasse som råstoff.....	5
Lignin.....	5
Lignin to liquid metoden.....	8
Mål med oppgåva.....	8
Metodar og eksperimentelt.....	9
Eksperiment på stor reaktor.....	9
Gasskromatografi (GC-FID).....	12
Massespektrometri.....	14
Resultat.....	15
Eksperiment kjørt med Aidan sommaren 2015.....	15
Første gruppa prøvar:.....	16
Andre gruppa prøvar:.....	20
Resultat frå GC-FID kjørt på gassprøvar:.....	24
Diskusjon:.....	26
Olje og prosessvatn, prøve 1.1 til 1.8.....	26
Socet extraction og prosessvatn ekstrakt, prøve 2.1 til 2.10.....	27
Gassprøvane:.....	28
Konklusjon:.....	29
Kjelder:.....	30
Vedlegg:.....	32

# Innleiing

## Bakgrunn

Det er store utfordringar i framtida for vårt moderne samfunn. For det første blir det ein aukande grad av alvorlige klimaendringar grunna utslepp av CO<sub>2</sub> frå transport og industrinæringa. For det andre er det begrensa olje ressursar tilgjengelig og det er eit stadig aukande forbruk. Når produksjonen begynner å minka vil det ikkje lenger være mulig å møta samfunnets behov for energi (Greaker, 2011).

CO<sub>2</sub> er ein drivhusgass, det betyr at den absorberer ein del av den infraraude strålinga frå jordoverflata og sender noko av den tilbake til jorda. Dette fører til ein auke av temperaturen på jordoverflata på samme måte som glasset i drivhus fører til ein auke i temperaturen inni drivhuset. Gjennomsnitt temperaturen har økt med ca. 0,75 °C sidan slutten av 1800-tallet. Mesteparten av dette har skjedd etter 1950, og kan ved høg sannsynlighet knyttast til økt atmosfærisk innhold av drivhusgassar grunna menneskelig aktivitet (Klimaendringer, Store norske leksikon 2015). Utan drivhuseffekten hadde gjennomsnitt temperaturen på jorda vore omtrent 34 grader lågare enn den er i dag (Drivhuseffekten, Store Norske Leksikon, 2015).


Det forventest at trenden til varmare vær og meir ekstremvær som er observert frå slutten av det 20 århundre fram til i dag vil fortsetta. Klimarapporten frå FN i 2013 predikterer ein auke i gjennomsnitt temperaturen på Jordhaugen mellom 3,7 °C til 4,8 °C over dei neste hundre åra dersom det ikkje blir gjort ekstreme klimatiltak (IPCC, Climate Change 2014). Endringar i temperaturen kan føre til ein auke i vassstanden i havet. Det skjer fordi dei store innlands is på Grønland og Antarktis kan smelte. Dersom heile Grønlandsisen smelter vil det føra til ein auke i gjennomsnitts havnivå på omtrent 7 meter. Ein dramatisk auke i havnivå vil oversvømme enorme landområder og senda millionar av menneske ut frå heimlanda sine (IPCC, Climate Change 2014).

Det globale samfunnet i dag er avhengig av petroleum som drivstoff og som utgangspunkt for kjemikalie. Det er store politiske og økonomiske bekymringar for når oljeresursane tar slutt, med eit estimert årsforbruk på nivå med 2004 vil dei kjende reservane holda i vel 40 år. Gassreservane er estimert til å holda i bortimot 67 år (Petroleum, store norske leksikon, 2015). Alternativa framover

då er å redusera oljeforbruket og begynna å nytta alternative energikjelder. Eit slikt alternativ er biodrivstoff laga frå avfall frå industri (Biofuels: Turning trash into treasure, 16.10.2015).

## Biomasse som råstoff

Biomasse er ulike typar biologisk matriale, f.eks. planteprodukt, gjødsel, skogsavfall og anna biologisk avfall. Biomasse er ei fornybar kjelde til karbonstrukturar til bruk i drivstoff og kjemisk industri. Biomasse frå plantar delast inn i substansar med lav molekylvekt og substansar med høg molekylvekt. Vidare kan dei lette molekyla delast inn i polare og upolare molekyl, og uorganisk matriale som i mange tilfeller kan bli sett på som akse. Dei tyngre forbindelsane kan delast inn i polysakkard som cellulose og hemicellulose, og lignin (Bioenergi, store norske leksikon, 2015).




Figur 1.1 Flytdiagram over dei ulike komponentane i biomasse (Hilmen, Ann-mari Ollila, 2010)

## Lignin

Lignin er ein substans som finnест i celleveggar i planter bunden til cellulose. Lignin er det som gir treet styrke, det gjer at det blir ein vedstruktur (Lignin, SNL, 20.10.2015).


Lignin er ein fenolpolymer som er amorf, det betyr at den ikkje har ein bestemt struktur. Den består av eit utvalg av enheitar som er bundet i ein tredimensjonal struktur. Einheitane som er polymerisert

i lignin er koniferyl alkohol, sinapyl alkohol og p-coumaryl alkohol (sjå figur 1.2 ) (Lignin, Lignoworks 20.10.15).



Figur 1.2: Fenylpropan enheitar, byggeklossar for lignin.

Lignin ugjer 20-30 % av massen i tørt tre. Coniferyl alcohol eksisterer i alle typar tre og er den dominerande monomeren i mjuke tresortar . I harde tresortar er opp til 40 % sinapyl alcohol (Lignin, Lignoworks, 20.10.2015). Figur 1.3 viser ein delvis struktur av eit eksempel på lignin.



Figur 1.3: Eksempel på del av ein lignin struktur. (Lignin struktur, wikipedia.org)

## **Lignin to liquid metoden**

Lignin to liquid (Ltl) er ein enkel og direkte måte å produsere biooljer frå biomasse (Kleinert og Barth, 2008). Oljene produsert er tenkt å kunne enkelt erstatte konvensjonelle drivstoff frå fossile kjelder. Metoden er å utsetta biomassen blanda med vatn for trykk og temperatur slik at den blir brutt ned den komplekse ligningstrukturen (sjå figur 1.3) til mindre enklare komponentar.

Vann/maursyre kan også bli brukt i staden for reint vatn. Då fungerer maursyra som hydrogendoror i prosessen. Eit av hovudformåla er å for å redusere oksygen per karbon (O/C), og auka hydrogen per karbon (H/C). Prosessen kallest alternativ pyrolyse. (Kleinert og Barth, 2008)

## **Mål med oppgåva**

Skal undersøka kva komponentar som blir danna i lignin to liquid prosessen ved ulike prosess forhold. Sjå på kva komponentar som er mest vanlig i gassen og kva komponentar som er vanlige i olja ved ulike prosessforhold. Finna ut om det er nokon prosessforhold som er bedre enn andre for å få enkelte komponentar enn andre.

# Metodar og eksperimentelt

## Eksperiment på stor reaktor:

Det blei kjørt ei rekke eksperiment på stor reaktor i samarbeid med Solmaz Ghoreshi og Aidan Smith.


Biomassen i eksperimentet blei levert frå Weyland AS og er sagspon fra softwood som består ~90 % norsk grantre og små mengder furu (*Pinus sylvestris*). Tabell 1.1 viser biomasse samansetting gitt frå levrandøren.

Tabell 1.1: Biomasse samansetting

Component g/100 g prøve							
Cellulose	Hemicellulose	Syre løselig lignin	Ikkje syre løselig lignin	Totalt ligning	Ekstrakt	Aske	sum
37,9	22,7	0,7	27,6	30,0	2,9	0,4	92,2
Hydrert sukker g/100g prøve							
Glucose	Galaktose	Mannose	Arabinose	Xylose	C6	C5	
45,6	2,3	12,1	1,4	5,2	59,9	6,6	

Prinsipp:

Reaktoren er ein trykktank som tåler trykk opp til 400 bar. Den fungerer ved at kjemikalie blir blanda inni tanken og det får reagera under regulert trykk og temperatur for å sjå kva korleis dei påverker reaksjonen.



Figur 2.1: Stor reaktor slik den ser ut når den er open.

#### Eksperimentelt:

I den store reaktoren blir trespon og lignin tømt inn på toppen i lag med vatn og marusyre. Reaktoren blir så forsegla ved at den blir heist opp til lokket med ein motor kontrollert frå panelet visst i figur #. Der blir reaktoren forsegla med tolv mutterar på toppen av lokket til reaktoren. Dei blir stramma i par på to og to slik at reaktoren blir forsegla jevnt rundt toppen. Mutterane blir stramma i tre rundar med aukande kraft i stramminga. Etter blir rørehastigkeit og temperatur programmet starta på kontrollpanelet for reaktoren (sjå figur 2.2). Under oppvarming er reaktoren under konstant oppsyn i tilfelle det skal skje uhell eller trykket skal bli for høgt. Etter innstilt temperatur er oppnådd og reaktoren er stabil frå den gå i så lenge eksperimentet er tenkt å gå.

Reaktoren treng ikkje være under oppsyn i denne perioden. Etter eksperimentet er ferdig kjørt blir reaktoren kjølt ned med vatn inn på spolen som ligg midt i reaktoren (sjå figur 2.1). Me opna reaktoren dagen etter eksperimentet blei kjørt. Først blir gassen tappa ut og gassprøvar blir tatt. Når det ikkje lenger er trykk blir den opna på samme måte som den blei lukka ved å opna ta mutterane i par slik at lokket blir jevnt opna.



Figur 2.2: Kontrollpanel for stor reaktor.


## Gasskromatografi (GC-FID)

Prinsipp:

Gasskromatografi er ein kromatografisk teknikk der den mobile fasen er ein gass. For at det skal være mulig må forbindelsane som skal analyserast være flyktige ved dei temperaturar som skal nyttast. kolonnetype og temperatur som nyttast vil separera komponentane på grunnlag av polaritet og kokepunkt.

Det blei nytta ein HP 6890 grasskromatograf til analyse av gassfasen. For å kunna separera og analysera samlege komponentar i gassfasen har gasskromatografen to kanaler der begge to har seriekopla kolonner. Den eine kolonna er utstyrt med ein flammeionsisasjonsdetector (FID) som kan brukast til å annalysere organiske stoffer. Metode 1 nyttast på instrumentet. Alle komponentar passerer gjennom ein nikkel katalysator som reduserer CO og CO<sub>2</sub> til CH<sub>4</sub> slik at dei kan analyserast ved bruk av FID. Den andre kolonna er utstyrt med ein varmetrådsdetektor (TCD) som kan brukast til både organiske og uorganiske stoffer. Denne kanalen brukest berre til H<sub>2</sub> og O<sub>2</sub>.

Gassane blir identifisert ved hjelp av retensjonstid (R<sub>t</sub>). Retensjonstid målest frå prøva blir injesert til maksimum av bandet forlater detektoren. Denne tida er karakteristisk for alle komponenter i gassen ved dei betingelsane gitt for analysa.



Figur 2.3: Eksempel på kontrollpanel til GC-fid instrument.

Eksperimentelt:

Gassprøver blei overført til prøveposer via ein ventil lokalisert øverst på reaktoren. Prøvane blei tynna ut med nitrogen til forholdet 5 ml prøve og 55 ml nitorgn før dei blei innjesert i GC-FID for analyse. Programmet blei starta på GC-apparatet og på datamaskina. Data blei samla opp i programvaren.

Utstyr:

Gasskromatograf: HP6890 series gas chromatograph plus

Kolonne 1: Hp plot Q-capillary

Detektor: FID (Flame Ionisation Detektor)

Instrumentelle betingelsar:


Injektor temperatur: 250°C

detektor temperatur: FID: 330°C

temperatur program: 40°C i 5min 10°/min --> 250°C

Bæregass: nitrogen

Injisert mengde: 60 cl



Figur 2.4: Eksempel på eit kromatogram av gassprøver frå forsøk i stor reaktor. (Eksperimentet er utført med maursyra.)

# **Massespektrometri**

Prinsipp:

I gasskromatografi/massespektrometri (GC/MS) blir det brukte ein gasskromatograf med ein FID-detektor og ein MS-detektor. Prøva injiserest først i gasskromatografen og i kolonna blir prøven skilt etter kokepunkt og polaritet. Dette blei gjort for å sjå at prøva var klar for å bli analysert i massespektrometeret. Eit massespektrometer er ein detektor som skiljer forbindelsar basert på masse, og signalstyrke er avhengig av konsentrasjon, mobilfasehastigkeit og splittforhold i det kromatografiske systemet (The mass spectrometer, 20.10.2015). Ein MS-detektor bryter opp komponentane i fragmenter og gir eit spekter som er karakteristisk for kvar forbindelse. Dette er ein veldig god måte for å identifisera komponentar i ein prøve, men den fungerer ikkje så bra kvantitatativt (The mass spectrometer, 20.10.2015). Komponentane i prøvane blir identifisert ved å samanlikna med standarder og samanlikning med spekter frå arkiv i analyseprogramvare.

Eksperimentelt:

Prøvane blei injisert med å bruka ein auto-injektor både i gasskromatografen og i massespektrometeret. Massespektrometeret blei kjørt på temperatur programmet definert under instrumentelle betingelsar. Det blei kjørt gjennom standard prøve tre gongar, før, etter fira prøvar og etter åtte prøvar.

Utstyr:

Gasskromatograf med FID detektor

Massespektrometer

autosampler

Injektor

kolonne

Detektor: MS

Instrumentelle betingelsar:

Injektor temperatur: 310 °C

detektor temperatur: MS: 280 °C

Temperatur program: 60 °C i 1 min, 5 °C/min --> 300 °C, 10 °C/min --> 320 °C, holdt i 3 minutt

Bæregass: Helium

Injisert mengde: 1 µl

# Resultat

## Eksperiment kjørt med Aidan sommaren 2015

Det blei kjørt 4 eksperiment på 5 liter reaktoren. Den blei kjørt med sagspon (sjå tabell 1.1) ved ulike to ulike temperaturar og to eksperiment med og to utan maursyre.

Det er to prøvegrupper tatt frå reaktoren. I den første er etyl acetat/THF og DCM brukt til å ekstrahera prøvane frå olja og frå prosessvatnet (sjå tabell #). Den andre prøvegruppa tatt frå ulike delar av resultatet etter eksperimentet i reaktoren. Prøve 2.1, 2.2, 2.4, 2.5 og 2.6 er etanol ekstrakt frå væska tappa ut frå reaktoren etter eksperimentet. Prøve 2.3 var etanol ekstrakt frå koks. Prøve 2.7 til 2.10 er prosessvatnet

Tabell 1.1: Eksperiment forhold under dei fire eksperimenta kjørt på stor reaktor og resultatet på utbytte frå reaktoren.

Vann volum:	500 ml	500 ml	500 ml	500 ml
Temperatur (°C)	HTC 250	HTC 250	HTC 300	HTC 300
Maursyre (ml)	0	200	0	200
Sagspon (g) (7,3% fuktigkeit)	100	100	100	100
Vann fra reaktoren (g)	517,13	482,69	516,51	444,24
Koks (tørr) (g)	43,48	68,64	57,43	52,13
Gass trykk under opning av reaktoren (bar)	1,7	34,4	35,3	1,9
DCM ekstrakt frå prosess vatn	0,25 g/100 ml	0,33 g/100 ml	0,55 g/100 ml	0,16 g/100 ml

## Første gruppa prøvar:


Det er tre variablar i prøvane:

- Tempratur (300 °C – 250 °C)
- Maursyre (med eller utan)
- Ekstrakt frå olje (Etyl acetat/THF) eller ekstrakt frå prosess vatn (DCM)

Tabell 1.2: Forklaring på korleis figur 3.1 skal tolkast og kva fargane og kantlinjestilen betyr.

	Maursyre	Kantlinje stil	Ekstraksjonsmiddel	Farge	Temperatur	Farge
Prøve 1.1	Ja	Stipplet	Etyl acetat/THF	Grønn	300	Mørk
Prøve 1.2	Ja	Stipplet	Etyl acetat/THF	Grønn	300	Mørk
Prøve 1.3	Nei	Kontinuerlig	Etyl acetat/THF	Grønn	300	Mørk
Prøve 1.4	Ja	Stipplet	DCM, frå prosess vatn	Raud	300	Mørk
Prøve 1.5	Nei	Kontinuerlig	DCM, frå prosess vatn	Raud	300	Mørk
Prøve 1.6	Ja	Stipplet	DCM, frå prosess vatn	Raud	250	Lys
Prøve 1.7	Nei	Kontinuerlig	DCM, frå prosess vatn	Raud	250	Lys
Prøve 1.8	Ja	Stipplet	Etyl acetat/THF	Grønn	250	Lys

## Kjemikalie innhold i prøve 1.1 til 1.8



Figur 3.1: Samanlikning av mest vanlige komponentar og dei komponentane med størst konsentrasjon i prøve 1.1 til 1.8. Nummera bak kjemikalie namnet refererer til tabell over totalt funne kjemikalie (sjå vedlegg 2).

Prøve 1 og 2 er tatt frå same olje og skal derfor være identiske. I GC-MS spektera for prøvane blei dei same kjemikaliala funne for begge prøvane (sjå figur 1).

Den første samanlikna er av med og utan maursyre ved 300 °C for etylacetat/THF ekstrakt. (Mørk brun søyle med og utan stippla kantlinje). Ser at det er større andel butyletanoat (1) i prøven med maursyre. I prøven med maursyre blei det funne mindre dihydro-2-furanon (9) enn i prøven utan maursyre. Det blei funne meir 1-Hydroksy-2-metoksybenzen (21) og Kreosol (30) i prøven utan maursyre. Metyl-2-metylpropanoat (33) blir berre funnen i prøven utan maursyre.

Den andre samanlikna er på forskjellar med og utan maursyre ved 300 °C for DCM ekstrakt frå prosess vatn. (Mørk blå søyle med og utan stippla kantlinje). Prøven med maursyre inneheld 5-Metyldihydro-2(3H)-furanon (12), 1-Hydroxy-2-metoksybenzen (21) og 2-Methoksy-4-metylfenol (Kreosol) (30), det gjer ikkje prøven utan maursyre. Prøven utan marusyre inneheld 1,2-Benzendiol (Katekol) (31). 1-(2-Hydroksyfenyl)etanon (44) og 1-(4-Hydroksy-3-metoksyfenyl)etanon (50) blir berre funne i prøven utan maursyre. 1-(4-Hydroksy-3-metoksyfenyl)aceton (52) utgjer omtrent lika stor del av begge prøvane. 4-(2-Hydroksyethyl)-2-methoksyfenol (53) blir berre funne i prøven med maursyra. Det er ein mykje større andel av 3-Metoksy-4-hydroksyfenyl syre (58) i prøven utan maursyre enn i prøven med.

Den tredje samanlikna er på forskjellar med og utan maursyre ved 250 °C for DCM ekstrakt frå prosess vatn. 5-Metyldihydro-2(3H)-furanon (12) blir berre funnen i prøven med maursyra. Vanillin (45) blei funnen i begge, men meir i prøven utan maursyre. 1-(4-Hydroksy-3-metoksyfenyl)etanon (50) blei funnen i prøven utan maursyre. 4-(2-Hydroksyethyl)-2-metoksyfenol (53) og 4-(2-Hydroksyethyl)-2-methoksyfenol (53) blei funnen i prøven med maursyre, men ikkje i prøven utan. 3-Metoksy-4-hydroksyfenyl syre (58) utgjer ein større andel av prøven utan maursyre enn prøven med maursyre.

Den fjerde samanlikninga er mellom 300 °C og 250 °C med maursyre for etylacetat/THF ekstrakt. 2-Metyltetrahydro-2-furanol (32) blir berre funne i prøven ved 250 °C. Resten av kjemikaliala blir funnen i begge prøvane, men i ulik prosentandel av prøven. 1-Hydroksy-2-metoksybenzen (21) blei funnen i mykje større grad i prøven ved 300 °C enn i prøven ved 250 °C.

Den femte samanlikninga skulle så sett på forskjellane mellom 300 °C og 250 °C utan maursyre for etylacetat/THF ekstrakt, men der mangler prøve for 250 °C.

Den sjette samanlikninga er mellom 300 °C og 250 °C utan maursyre for DCM ekstrakt frå prosess vatn. 1-Hydroxy-2-methoxybenzene (21) blir berre funne i prøven ved 250 °C. Prøven ved 300 °C inneheld 1,2-Benzenediol (Catechol) (31). Resten er ganske likt for prøvane.

Den sjuande samanlikninga er mellom 300 °C og 250 °C med maursyre for DCM ekstrakt frå prosess vatn. Prøvane er svært like, prøven ved 300 °C har ein liten andel 4-Ethyl-2-methoxyphenol (36) som den ved 250 °C ikkje har. Det er ein større andel 4-(2-Hydroxyethyl)-2-methoxyphenol (53) i prøven ved 250 °C enn det er i prøven ved 300 °C.

Den åttande samanlininga er mellom prøvar frå prosessvatn og prøvar frå oljeekstrakt. Det er mindre butyl acetat i prøvane frå prosessvatn. Etyl pentanoate blir berre funnen i prøvane frå olje, og butylrolaceton blir funnen i mykje større mengder i oljeprøvane enn i prosessvatn prøven. Ser at for prøve 4 og 6 finn ein 5-Methyldihydro-2(3H)-furanone (12) i størst mengder, men blir ikkje funne i prøve 5 og 7. 1-Hydroksy-2-methoxybenzen (21) blir funnen i alle prøvar utanom prøve 5, men i ulike meiningar utan klart skilje mellom prosessvatn og oljeekstrakt. 1-(4-Hydroksy-3-metoksyfenyl)acetone (52) blei funnen mest i prøvane frå prosessvatn.

## Andre gruppa prøvar:


Det er fire variablar i prøvane:

- Tempratur (300 °C – 250 °C)
- Maursyre (med eller utan)
- Prøve frå socket extraction med etanol eller frå prosessvatn.
- Prøve 2.3 er ekstrakt frå koks med etanol

Tabell 1.3: Tabell til tilking av av figur 3.2. Forklaring på kva farge og kantlinje stil betyr.

	Maursyre (FA)	Kantlinje stil	Socet extraction/prosess vatn	Farge	Temperat ur (°C)	Farge
Prøve 2.1	ja	Stipplet	Socet extraction	Brun	250	lys
Prøve 2.2	ja	Stipplet	Socet extraction	Brun	250	lys
Prøve 2.3	ja	Stipplet	Socet extraction	Brun	250	lys
Prøve 2.4	nei	Kontinuerlig	Socet extraction	Brun	300	mørk
Prøve 2.5	ja	Stipplet	Socet extraction	Brun	300	mørk
Prøve 2.6	nei	Kontinuerlig	Socet extraction	Brun	250	lys
Prøve 2.7	ja	Stipplet	Prosess vatn	Blå	250	lys
Prøve 2.8	nei	Kontinuerlig	Prosess vatn	Blå	250	lys
Prøve 2.9	ja	Stipplet	Prosess vatn	Blå	300	mørk
Prøve 2.10	nei	Kontinuerlig	Prosess vatn	Blå	300	mørk

## Kjemikalie i prøve 2.1 til 2.10



Figur 3.2: Mest vanlige og kjemikalie med størst konsentrasjon i prøve 2.1 til prøve 2.10.

Einaste kjemikalie alle prøvane inneheld er n-butyl acetate.

Alle prøvar med maursyre inneheld n-butyl acetat, 2-metoksy-fenol, Kreosol, 4-etyl-2-metoksy-fenol, 2-metoksy-4-propyl-fenol og guaiacylacetone. Prøve 2.6 er den einaste som inneheld vanillin og 4-methylcinnamic acid. Prøve 2.4 skil seg ut med at den mangler 2-methyltetrahydro-2-furanol som alle andre prøvar inneheld.

Samanligner først prøvane utan maursyre. Prøve 2.4 og 2.6 er fra socket extraction, prøve 2.8 og prøve 2.10 er fra prosessvatnet. Ser fra figur 3.2 at prøve 2.4 og 2.6 inneheld dei mindre polare komponentane i større mengder enn prøve 2.8 og 2.10. Prøve 2.8 er einaste prøve som inneheld 4-hydroksybutan syre og metyltartron syre. Prøve 2.4 og 2.6 er dei einaste som inneheld apocyrin og 5-methoxy indane.

Den andre samanligninga er av prøvane med maursyre. Prøve 2.1, 2.2, 2.3 og 2.5 er fra socket extraction, prøve 2.7 og 2.9 er fra prosessvatnet. Alle prøvane inneheld n-butyl acetate, 4-Pentanolide, Guaiacylacetone, 2-Methyltetrahydro-2-furanol og 2-methoxy-phenol. Prøve 2.1, 2.2, 2.3, og 2.5 inneheld trans-isoeugenol, 2-methoxy-4-propyl-phenol, 4-ethyl-2-methoxy-phenol. Prøve 2.7 og 2.9 gjer ikkje det. Prøve 2.7 og 2.9 er dei einaste som inneheld Katekol.

Den tredje samanligninga er mellom 250 °C og 300 °C for prøvar med maursyre. Prøve 2.1 (250 °C) og 2.5 (300 °C) er dei einaste som inneheld 4-hydroxybutan syre. Prøve 2.1 og 2.2 er like prøvar og er like i figur 3.2 med unntak av at prøve 2.1 inneheld 4-hydroksy butansyre.

Den fjerde samanligninga er mellom 300 °C og 250 °C utan maursyre. Prøve 2.4 er ved 300 °C, ser fra figur 3.2 at den berre inneheld kjemikalie prøve 2.6 (250 °C) også inneheld. Felles kjemikalie er n-butyl acetate, 2-methoksy-fenol, kreosol, 4-etyl-2-metoksy-fenol, 2-metoksy-4-propyl-fenol, 5-methoxyindane, apocynin, guaiacylacetone, homovanillic acid. Prøve 2.6 inneheld n-butyl ether, 1,1a,6,6a-Tetrahydrocyclopropa[a]indene, 2-methyltetrahydro-2-furanol, 2-methoxy-4-propyl-phenol, vanillin og 4-methylcinnamic acid.

Prøve 2.5 er for 300 °C, ser fra figur 3.2 at den inneheld 4-Hydroksybutan syre som prøve 2.2 ikkje inneheld. Prøve 2.2 inneheld homovanillic syre som prøve 2.5 ikkje inneheld. Ellers er forskjellane små, prøve 2.2 har ein del meir 4-pentanolide og guaiacylacetone. Prøve 2.5 inneheld ein del meir n-butyl acetate og creosol enn prøve 2.2.

Prøve 2.6 er utan maursyre. Ser fra figur 3.2 at den inneholder creosol, 4-ethyl-2-methoxy-phenol, 2-methoxy-4-propyl-phenol, vanillin, 5-methoxyindane, apocynin og 4-methylcinnamic acid som prøve 2.7 ikke inneholder. Prøve 7 inneholder 4-hydroxybutanoic acid 4-pentanolide levulinic acid og hydroquinone som prøve 6 ikke inneholder. Felles forbindelsar er n-butyl acetate, n-butyl ether, 2-methoxy-phenol, 1,1a,6,6a-Tetrahydrocyclopropa[a]indene, 2-methyltetrahydro-2-furanol, 2-methyltetrahydro-2-furanol, guaiacylacetone og homovanillic acid. Er mykje meir 2-methoxy-phenol i prøve 2.6 enn i prøve 2.7.


Prøve 2.4 er utan maursyre, ser fra figur 3.2 at prøve 2.4 inneholder 5-methoxyindane, apocynin, homovanillic som prøve 2.5 ikke inneholder. Prøve 2.5 inneholder n-butyl ether, 4-hydroxybutanoic acid, 4-pentanolide, 1,1a,6,6a-Tetrahydrocyclopropa[a]indene, 2-methyltetrahydro-2-furanol, 2-methyltetrahydro-2-furanol og trans-isoeugenol, prøve 2.4 gjer ikke det. Det er veldig mykje meir n-butyl acetat i prøve 2.5 enn i prøve 2.4.

Prøve 2.7 er med maursyre, den inneholder 4-pentanolide, hydroquinone, guaiacylacetone, homovanillic acid som prøve 2.8 ikke inneholder. Prøve 2.8 inneholder methyltartronic acid, prøve 2.7 gjer ikke det. Felles forbindelsar er n-butyl acetate, n-butyl ether, 4-hydroxybutanoic acid, levulinic acid, 1,1a,6,6a-Tetrahydrocyclopropa[a]indene, 2-methyltetrahydro-2-furanol, catechol, 2-methyltetrahydro-2-furanol.


Prøve 2.9 er med maursyre, prøven inneholder 4-pentanolide, hydroquinone og guaiacylacetone som prøve 2.10 ikke inneholder. Prøve 2.10 inneholder 1,1a,6,6a-Tetrahydrocyclopropa[a]indene, prøve 2.9 gjer ikke det. Felles forbindelsar er n-butyl acetate, levulinic syre, 2-methoxy-fenol, katechol, 2-methyltetrahydro-2-furanol, homovanillic syre.

Det einaste kjemikalie funne i alle prøvar var n-butyl acetate. Ser at prøve 7 er einaste som inneholder methyltartronic acid. Prøve 6 er einaste som inneholder vanillin og 4-methylcinnamic acid.


## Resultat frå GC-FID kjørt på gassprøvar:



Figur 3.3: GC-FID kromatogram frå eksperiment kjørt på 250 °C med maursyre.



Figur 3.4: GC-FID kromatogram frå eksperiment kjørt på 250 °C utan maursyre.



Figur 3.5: Diagram for tolking av toppar i GC-FID kromatogram når denne metoden blei nytta (lagt av James Gasson)

Spekterna i figur 3.3 og 3.4 representerer dei to typane spekter som kom frå gassprøvane, einaste forskjellane var mellom eksperiment med og utan maursyre. Den dominerande toppen er alltid toppen ved 3,87 som er toppen for  $\text{CO}_2$ . For prøvane med maursyre er det ein topp ved 12,56, den korresponderer ikkje direkte med nokon topp i figur 3.5.

## **Diskusjon:**

### **Olje og prosessvatn, prøve 1.1 til 1.8**

Sidan innholdet i prøvane er gitt i relativ prosentandel av prøven kan ein prøve som inneheld mykje av eit kjemikalie sjå ut som om den inneheld lite av eit anna kjemikalie i forhold til ein annan prøve sjølv om det ikkje nødvendigvis stemmer.

Truleg vil komponentar som er meir polare vera i prosessvatnet i større grad enn i olja, og motsatt for upolare forbindelsar. 1-(4-Hydroxy-3-methoxyphenyl)acetone er tilstede i mykje større grad i prosessvatn prøvane enn i oljeprøvane, det er ein ganske polar komponent så det er sannsynligvis riktig. 1-Hydroxy-2-methoxybenzene (21) blir funne i aller prøvane utanom prøve 1.5, det er ein ganske polar komponent, men den er også polar nok til at den også bli funnen i olja.

Prøve 1.5 og 1.8 ser ut som uteliggjarar i kvar sine kategoriar, begge inneheld kjemikalie som dei andre prøvane ikkje inneheld. Prøve 5 har mykje større prosentandel 3-Methoxy-4-hydroxyphenylacetic acid (58) enn for prøve 1.4, 1.6 og 1.7. Prøve 1.5 mangler også 1-Hydroxy-2-methoxybenzene (21), som blei funnen i alle andre prøvar. Sidan prøve 1.3 er ved samme prosessbetingelsar kan det tyda på den var tilstede men i for små konsentrasjonar til å bli registrert. Prøve 1.8 har mykje meir butyrolactone (9) enn prøve 1.1, 1.2 og 1.3. Prøve 1.8 inneheld også 2-Methyltetrahydro-2-furanol (32) som dei andre prøvane (bortsett frå ein liten mengde i prøve 1.3) ser ut til å mangla.

Prøvane kan delast inn i to kategoriar som stemmer overens med om prøven er frå etylacetat/THF oljeekstrakt eller DCM ekstrakt frå prosessvatn. I prøvane frå etyl acetat/THF auker anndelen butyl acetat når temperaturen auker og når maursyre blir brukt. I prøvane frå prosessvatn er det liten eller ingen forskjell ved endring i temperatur eller maursyre innholdet for butyl acetat.

## Socet extraction og prosessvatn ekstrakt, prøve 2.1 til 2.10

Alle prøvane inneheld n-butyl acetat (1), men i veldig varriert prosentandel. 2-metoksy-fenol (16) blir funnen i alle prøvane utanom prøve 2.8, det ser ut til å være mykje meir av den i prøvane tatt ut med etanol så det er truleg berre veldig lite av den i prøve 2.8. Prøve 2.7 er einaste som inneheld 2-hydroksypropandioc syre (3). Det er naturlig at ein så polar forbindelse er i prosessvatnet, men at den ikkje blir funnen i prøve 2.9 kan bety at ein auke i temperatur frå 250 °C til 300 °C bryt ned 2-hydroksypropandioc syre (3).

